



# Varhaug Misjonshus

## *Oppstandelsen*

### Innhold:

Andakt	Side 5	Våg å være gjestfri	Side 12-13
Mjuk landing på Varhaug	Side 6-7	BACK TO BASIC 2016	Side 19
Himmelbilletten	Side 8	Israelsmisjonen	Side 20-22
Min sang	Side 11	Møtekalender 2016	Side 29-30



NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND

# BØ'EN STORKIOSK

MAT - SPILL - KIOSK



FØLG OSS PÅ FACEBOOK

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug

FOR MATBESTILLING RING: 51 43 00 99



Rogaland Bildeler a/s



[www.rogalandbildeler.no](http://www.rogalandbildeler.no)

Biloppfugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug

Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagunnau@online.no](mailto:jagunnau@online.no)



• SERVICE • DELER  
• REPRASJONER



## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjemning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

### Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2016  
28. ÅRGANG

#### Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovedorganisasjon:

#### Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:  
Steinar Ånestad  
Mob: 902 02 902

#### Det Norske Misjonsselskap

Formann:  
Njål Omland  
Mob: 916 89 177

#### Normisjon

Formann:  
Dagfrid Bekkeheien Skrettingland  
Tlf: 415 32 652

#### Indremisjonsforbundet

Formann:  
Tor Selmer Olsen  
Mob: 470 31 136

<http://www.varhaug-misionshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.  
Tlf: 51 43 08 08  
E-mail adresse:  
[post@varhaug-misionshus.no](mailto:post@varhaug-misionshus.no)

Postadresse:  
Pb 103  
4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag kl  
1900-2100 (Om sommaren 15/5-15/8 er  
opningstid 2000-2100)

Kommentarer/innlegg til bladet:  
E-mail:  
[redaksjonen@varhaug-misionshus.no](mailto:redaksjonen@varhaug-misionshus.no)  
Tlf. 90058503

# Frå redaksjonen

3

Når bladet går i trykken er det meste av vårsemesteret på Misjonshuset over. Me er i mai, og det er kort tid til sommarferie. Då er det nokså stilt på Misjonshuset.

Nokon kjem og nokon går heiter det. Einar Mattingsdal har vore med i redaksjonen i 10 år, og ynkste å gje seg. Inn kjem Eirik J. Varhaug. Takk til Einar. Han har vore god å ha i redaksjonen, alltid nøyaktig og pliktoppfylgjande, og avtalt stoff til bladet har alltid vorte levert i tide.



Gjennom dette bladet ynskjer me i redaksjonen å gje folk på Varhaug eit innblikk i kva dei ulike organisasjonan driv på med. Denne gongen er det med informasjon om NMS og Den norske Israelsmisjon.

Sjur Håland har vore ute med foto-apparet og PC og intervjuia Solveig og Kjartan Horpestad. Dei flytta til Varhaug for godt eit år sidan, og budde først i blokka i Stasjonsvegen 26, men fann det vanskelg å bu der med 3 små. Dei flytta før jul til Åvegen. Han har og hatt ein samtale med ein av veteranane på Misjonshuset, Arvid Natland. Arvid har vore kontaktmann for Israelsmisjonen her på Varhaug dei siste 25-30 år. Han og kona Sigrund er loddseljar av klasse og med basarar og festar på Misjonshuset, har det kome inn over ein million til Israelsmisjonen.

Tema dette året er «Vår neste». Kven er nå det? Meir om dette på baksida av bladet.

Grethe og Torbjørn Honnemyr har mykje kontakt med flyktningar på Nærland. Innvandrarane har eit stort behov for å koma i kontakt med oss innfødte nordmenn. Innvandrarane har eit stort behov for å koma i kontakt med oss innfødte nordmenn. Bibelen ber oss vera gjestfrie og inkluderande. Det er nok slik at me føler oss hjelplause i møte med framande, dei fleste av oss. Dei meiner me ikkje må leggja lista så høgt at me ikkje vågar å gjera noko. Start med å smila til innvandrarane neste gong du ser han på vegen eller i butikken. Kanskje utviklar det seg til eit "hei" neste gong du ser han, seier Torbjørn Honnemyr.

I redaksjonen: Njål Omland, Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Steinar Ånestad og Per Åge Skretting

For redaksjonen:  
Per Åge Skretting  
Redaktør

**Tema Varhaug Misjonshus 2016:  
VÅR NESTE**



**butikken**  
– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varaug  
Tlf. 51 77 14 70  
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



Murmester

**Waldeland & Dubland AS**

Alt i mur-, puss- og flisarbeid  
Tlf: 992 50 989  
Epost: post@waldeland-dubland.no



Autorisert regnskapsførerselskap

Daglig leder Rune Odland  
Autorisert regnskapsfører  
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug  
Tlf. 91511088 • E-mail: runeo@hrd.no

**KJÆRNEBORING**

**ZBETONGSAGING**



**EGIL HÅLAND** 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •  
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • [www.Toppaland.com](http://www.Toppaland.com)



BLOMSTER & GAVER



**EL-TEAM**  
Elektroentrepreneur



Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40  
E-post: [dr@el-team.net](mailto:dr@el-team.net), Internett: [www.el-team.net](http://www.el-team.net)

**Lars Gaute Sport**  
**sport 1**

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10

**SKAL DU GRAVE?**

KONTAKT

**ERLING AUESTAD**


MASKINENTREPENØR

VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815



# SALT

av Einar Mattingsdal

Vi liker å sjå på biletet. Vi tek villig fram apparatet vårt og viser biletet av barn og barnebarn.

Og i etterkant av sommarferien har vi biletet vi vil vise frå opplevingar vi har hatt.

Det er gode biletet. Varme biletet. Rolege biletet. Biletet som gir fred i sinnet.

Ikkje alle biletet er slik. TVèn er eit sterkt medium for biletet. Ofte flimrar biletene og skaper uro. Røyndommen kan vere hard og brutal. Biletene gjer noko med oss.

Eit biletet har festa seg på netthinna. Eit barn ligg livlaust på stranda, med joggesko og klede på. Foreldrene er borte. Det er heilt åleine. Eit offer for krig og flyktningesituasjon.

«De er saltet på jorda! Men mistar saltet si kraft, korleis skal det då bli gjort til salt att? Det duger ikkje lenger til noko; dei kastar det ut, og folk trakkar det ned.» (Matt. 5.13)

Jesus brukte mange talande samanlikningar i møte med menneske. Slik òg i dette biletet.

Men kva er det med dette vanlege stoffet, natriumklorid, med det kjemiske teiknet NaCl? Kva funksjonar har saltet?

**Smak.** Om du har ete usalta fisk eller kjøt, ja så veit du kva det har å seia for smaken. Smaklaust. «*De er saltet på jorda.*» Vi skal få vera med å gjera kvardagen betre for dei vi møter. «*Kom, smak og sjå at Herren er god.*», kan vi lesa i Salme 34.9. Kor mykje godt har vi ikkje fått, og kor mykje godt har vi ikkje å gå ut med. Gleda over det skal prega oss. Våre liv skal vitna om den gode smaken. Om dei første kristne står det dei var godt lika av folket. Med våre liv skal vi få vitna om at det håpet vi har i Kristus verkeleg er verd å satsa på.

**Bevara.** Vi kjenner alle til saltet si evne til å bevara matvarene så ikkje bakteriar, sopp og anna får øydeleggja dei. Jesus bad i sin avskilstale for læresveinane: «*Heilage Far, hold dei fast i ditt namn.*» Som Jesus bad for læresveinane, skal vi som vil fylgja han be for kvarandre. Men vi skal òg be om at Gud må verna bygd og land så Guds ord kan få lysa

øg for komande generasjonar. Vi ser korleis sann kristentru er på vikande front i landet vårt. Saltet må ikkje missa si kraft. Gud har bruk for saltet si bevarande kraft. Gud har bruk for deg!

**Saltkraft.** Saltkraft vert omtala som ei av verdas viktigaste kraftkjelder i framtida. Men vårt saltkraftverk er enda sterkare. I Rom. 1.16 les vi: «... *evangeliet. Det er ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur.*» Så stor kraft har ordet i seg. Ved å høyra og ta imot Ordet kan alle bli frelst. Det er «*levande og verksamt. Der er skarpare enn noko tvieggja sverd.*» (Hebr. 4.12). Så kraftig at det kan føra frå død til liv – evig liv. Læresveinane fekk kraft då Den Heilage Ande kom over dei. Vi har fått del i den same Ande, vi skal òg vera vitne om Guds grensesprengjande nåde.

**Saltet som svir.** Å få salt i eit ope sår er vondt. Då Peter hadde tala på pinsedagen, står det: «*Då dei høyrde det, stakk det dei i hjarta.*» (Apg. 2.37). Vågar vi la det svi? Fortelja sanninga om fortaping og frelse? På pinsedagen vart 3000 frelst. Vi som har teke imot frelsa i Kristus, skal fortelja om Vegen. Guds ord og Den Heilage Ande skal overtyda.

**Tørst.** Saltet skaper tørst. Om du ikkje får nok drikke, er det fare på ferde. Også åndeleg kan vi kjenna tørst. Ein søker etter noko som kan lindra, trøysta, gje tryggleik. Og mange er dei som tilbyd å lindra tørsten. Lovnader om eit betre liv berre ... Då Jesus møtte kvinna ved Jakobskjelda utanfor Sykar, skapte han slik tørst hos henne at ho bad: »*Herre, gjev meg det vatnet, så eg ikkje blir tørst meir.*» (Joh. 4.15) Dette levande vatnet som berre Jesus vil og kan gje. Han gjev villig – det er opp til deg og meg om vi vil ta imot.

«*De er saltet på jorda.*» Som kristne er det ikkje noko vi skal bli. Vi er! Gud er avhengig av oss for at vi skal bli bevart, og at hans rike skal gå fram.



# Mjuk landing på Varhaug!

Tekst og foto: Sjur Håland

**Solveig er frå Vesterålen, medan Kjartan er frå gard på Orre. No har den unge familien landa på Varhaug og har etter kort tid byrja å slå rot. Dei er strålende nøgde med både bygda og alle tilboda på Varhaug Misjonshus.**

Reisa til dei to, frå Vesterålen og Orre til Varhaug har vore god.

- *Me har fått ein god start her i bygda. Det er fantastisk å oppleva at folka vi møter har lyst til å bli kjent med oss. Her får vi vera dei vi er, det er stort,* seier Solveig og Kjartan Horpestad.

Ein treng ikkje ha flytt mellom landsdelar for å erfara at møte med ukjende kan vera krevjande nok. Å trykka på ei framand dørklokke i Åvegen på Varhaug, krev litt mot og mobiliseringsvilje. Men å deretter bli møtt av eit par breie smil og vaffellukt er blodtrykksdempande og verkar som intravenøs, avslappande indremedisin for ein innanbygdsreporter.

## Vaffel og kaffi

- Kom inn. Det er litt kaos i heimen, smilar Solveig Horpestad og opnar døra i huset i Åvegen på vidt gap.

Vaffellukta blandar seg med kaffi. Traktaren står og putrer lystig på stovegolv. Ein litt rar vri, som kan forklarast.

- *Sikringen ryk om me pluggar han til i kjøkkenet,* seier Kjartan Horpestad og smilar bak skjegget.

Kaoset er relatert til at påskeferien, på to gode veker, nett er unnagjort. Flyturen frå Vesterålen, der dei har besøkt Solveig sine foreldre, enda med sein landing med høge ungar i går kveld. No skal kvardagen etablerast for Solveig, Kjartan og resten av familien, som består av Sofia på fem år, Gabriel på tre og eit halvt, og Leander, som

kan feirast med to lys på kaka i mai. I august blir det, om mogleg, enda livlegare hjå huslyden Horpestad. Barn nummer fire er på god veg, og er venta i august.

Kjartan er oppvaksen på gard på Orre. Solveig er fra Øksnes i Vesterålen.

- Den største skrei-kommunen i Vesterålen, forklarer ho, og avslørar at ho er like van med fisk og hav som Kjartan er med kyr og fjøs.

## Tilfeldig til Varhaug

Dei er begge 1990-modellar, og runda med andre ord 25 år i 2015. Solveig og Kjartan kom til Varhaug i januar i fjor etter å ha budd fire år i Vesterålen. At dei enda opp med bustadadresse på Varhaug var heilt tilfeldig.

- Me ville til Jæren, og hadde tenkt på Nærbo som ein mogleg plass der me kunne etablera oss, men så fekk me husnapp på Varhaug i staden. Det har rett og slett vore ei eventyrlig oppleving å koma hit, seier dei to.

Varhaug får topp karakter, det er ikkje naudsynt å stilla spørsmåla. Superlativa står i kø.

- Artig, seier Solveig med sjærmerande dialekt og spring på eine soverommet for å henta Leander, som er i påskeferiemodus. - Folk her er imøtekommande, forklarer ho. Me har frå dag ein hatt ei kjensle av at her er det plass til oss. Så har ungane fått vene, det betyr sjølvsagt mykje for trivselen.

Begge har vore kristne heile livet. Solveig har høyrt til ei menighet knytt til kyrkja i Øksnes, medan Kjartan vaks opp med Klippen i Sandnes som sin og familiens menighet. No er det Varhaug Misjonshus som gjeld. Bibelgruppe, foreining, husgruppe og søndagssamlingane er nokre av stikkorda. Tilboda er mange, og dei unge foreldra er takksame og engasjerte brukarar.

- Humlebøle i regi av Varhaug Misjonshus og Open barnehage, eit kommunalt tilbod på Misjonshuset, er

saman med søndagsskulen også blant dei glimrande tilboda, som gjer det lett for oss å trivast i rolla som småbarnsforeldre, strekar dei under.

## Kristenlivet er fundamentet

Solveig er heimeverande for tida og har meir enn nok å fylla lange dagar og seine kveldar med. Kjartan arbeider som ekstravikar på Stavanger Universitetssjukehus, medan han gjer unna siste rest av utdanninga. Målet er å bli ferdig utdanna dataingeniør om ikkje så alt for lenge. Å ha ein trygg rame rundt tilværet i form av heim, jobb og utdanning, er viktig for foreldreparet, som held fram at kristenlivet er fundamentet i tilværet.

- Kjekt å høyra om trivsel og alt som fungerer, men er det ikkje noko de ville hatt annleis?

- Stort mangfold og mange tilbod er jo ikkje negativt. Organiseringa med eit misjonshus med mange eigarorganisasjonar er litt framandt for oss. Skulle me peika på noko, måtte det vera at me kanskje saknar litt den tradisjonelle menighetsfunksjonen med ein åndeleg leiar, slik me er vane med, og slik me kanskje kan samanlikna med kyrkja og presten her i soknet.

## Kjerestar

Kva gjer de når de har barnevakt?

- Meinar du om me har hobbyar? Då er svaret at me likar å gå på kino i lag. Elles set me stor pris på ein roleg kveld her heime. Me likar å vera kjærestar, smilar Solveig, sendar vaffelkakefata og får eit bekrefteande nikk frå Kjartan.

## Trua er viktig

Kristentrua betyr svært mykje for dei to.

- Det er det viktigaste for oss. Å halde fast ved trua. Til det trengs god forkynning som er basert på orda i Bibelen, strekar dei under.



**HEIDI DUBLAND BØ**  
Hud- og fotterapeut

Stasjonsvn. 14, 4360 Varhaug  
Mob. 41 27 66 79

Timebestilling / telefon 51 43 13 69

# Varhaugmarken 2016!



**Som ein del av bygda vår er også Varhaug Misjonshus med på Varhaugmarken. Det er jillt å møtas i Stasjonen til en god drøs, mat, underholdning og handel. Som i fjor så planlegg me å være i Himmelbiletten i tillegg til nokre andre aktiviteter.**

## HIMMELBILLETEN

er ein buss

og eit tverrkirkjeleg engasjement

i Hå, Time og Klepp

Målet med bussen:

- Forkynne Guds ord
- Møte folk der de er
- Være inkluderande

Vi vil stå på Bryne torg annenkvar

laurdag (partalsveker)

mellan 22.30 og 02.00.

Her vil vi invitera inn folk på kaffi,

godt drøs og noe å bite i.



# HELSING FRÅ STYRET

Vibå er ankomme, så nå er det vår i lufta. Den 20. april hadde me vårdugnad på Misjonshuset slik me pleier å ha. Nokre gonger er det i slutten av april, andre gonger i begynnelsen av mai.

Årsmøtet vart halde i mars utan dei store utfordringane. Misjonshuset er vel det me vi kan seie er veldrevet, og me har etter måten grei økonomi.

Våren betyr og at det går mot rolige tider på huset, men først er det uteleid til konfirmasjoner og selskaper. Me set pris på at folk benytter seg



av dei fasilitetene som me kan tilby, både når det gjelder rom og utstyr.

Dersom det er nokon som treng lokal til konfirmasjonen 2017, minner eg på at søknadsfristen er 1. mai nå i år. (håper bladet kjem ut innan då).

Styret set stor pris på all den dugnaden som vert lagt ned for misjonshuset, enten det er som leder eller anna form for hjelp.

*Helsing Styret.*



## FARGERIKE



**FARGERIKE HALVORSEN**

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: post@fargerikehalvorsen.no  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

**SpareBank** 

**KAY'S**  
**BETONGSAGING**

- Kjerneboring      NÆRBØ
- Meisling            Tlf. 908 37 365
- Minigraver

***Maria Aareskjold Tegneservice***

---

Tlf. 51 43 05 59  
Fax. 51 43 70 05  
Mobil. 911 04 662  
E-post: amaria@online.no  
Postboks 110, 4368 VARHAUG

---

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering



MALER OG GOLVLEgger

Jæren GolvAS

Varhaug • Tlf. 488 48 700

**JÆREN AUTO AS**

BILUTLEIE - BILSAVG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

**Sentrum Salongen**

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug      Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.  
Scan QR koden og kom rett til  
bestillingssiden. Eller gå inn på :  
[www.ledigtime.no/sentrumsalonen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalonen)

**SPAR**

**SPAR VARHAUG**

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19  
E-post: [spar.varhaug@ngbutikk.net](mailto:spar.varhaug@ngbutikk.net)

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

**Haaland Bilverksted**

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug  
Telefon: 90 50 65 66

**M E C A**  
CAR SERVICE

**M E C A**  
CAR SERVICE


**T. SKRETTING**  
**MASKINSTASJON**

Dysjalandsvagen, 4360 Varhaug

**Trond Skretting**

mob. 906 80 143  
mob. 975 54 681 (Erik)  
[trond@tskretting.no](mailto:trond@tskretting.no)

[www.tskretting.no](http://www.tskretting.no)



Regnskapsfirmaet på Jæren  
[post@jarok.no](mailto:post@jarok.no) - tlf. 51 48 22 66  
Pb. 210, 4349 BRYNE



[www.jarok.no](http://www.jarok.no)



# Min sang

Då eg vart spurt om å dele ein av mine sanger var det mange å velge blant. Det er mange vakre sanger som kan tale rett inn i livet, og som kan sette ord på noko som me sjølv kanskje ikkje alltid har så mange ord for. Ein av sangane som har tona mykje i meg i siste tida er denne:

Som student jobbet jeg noen år som assistent ved et sykehjem i Bergen. På avdelinga mi var det ei gammel misjonskvinn, som hver dag hørte på cd`er med kristne sanger. Sangen som jeg nå vil dele, var en av dem som fikk lyde gjennom avdelingen på travle arbeidsdager. Under ei vakt en lørdags formiddag møtte denne sangen meg på ny.

1. Jeg vil synge en sang om Jesus  
når jeg våkner ved morgengry.  
For jeg vet at når Herren velsigner min dag,  
blir det lovsang hver morgen på ny.

*Kor: Jeg vil synge en sang om Jesus.  
Han er verd at jeg synger om ham,  
For han frelste meg ut av min synd og min skam.  
Derfor synger jeg bare om ham.*

2. Jeg vil synge en sang om Jesus  
under hverdagens travle gang.  
Kanskje møter jeg noen som sorgtunge går  
og som trenger min enkle sang.

3. Jeg vil synge en sang om Jesus  
når det kvelder og mørke rår,  
For da jeg slipper jeg frykte for natt eller nød,  
jeg er viss på at han med meg går.

4. Jeg vil synge en sang om Jesus  
mens jeg vandrer på denne jord.  
Men engang skal det klinge langt bedre enn her,  
når jeg synger i englenes kor.



For meg sier denne sangen noe om livet som kristen. Jeg skal få regne med Jesus i alt i livet. Fra morgen til kveld, under hverdag og fest, i sorg og i glede. Dette budskapet tror jeg bringer velsignelse med, både for meg selv og dem som er rundt meg. Sangen forteller både om livet her på jorda og det som engang venter oss som tror på Jesus. Vi skal få synge om Jesus nå, «men engang skal det klinge langt bedre enn her, når jeg synger i englenes kor». En dag kommer Jesus igjen, og da skal alle som tror på ham, få komme til himmelen og ta del i den store lovsangen. Gjennom denne sangen fikk den gamle misjonskvinnen vitne for meg om gleden over å høre Jesus til og håpet vi venter på. Nå vil jeg gjerne gi denne sangen videre til alle dere!

Anne Margrethe Fauskanger

# Våg å være gjestfri

Torbjørn Honnemyr

**Innvandrerne har et stort behov for å komme i kontakt med oss innfødte nordmenn. Bibelen ber oss være gjestfrie og inkluderende. Det samme gjør Torbjørn Honnemyr. - Vi trenger å få del i verdiene til "de fremmede", sier han.**

## Innvandrere

Innvandringspolitikk rommer vanskelige spørsmål som vi kan ha ulike meninger om. Dette er en ærlig sak. Likevel: Uten å gjøre seg til doms over berettiget eller ikke berettiget oppholdstillatelse, Bibelen er tydelig på at vi skal vise omsorg for fattige og fremmede, deriblant innvandrere som bor blant oss.

## De fremmede

I Matteus 25 står det om en som var sulten, tørst, fremmed, naken, syk og i fengsel. Og poenget er hva du og jeg gjør mot slike.

Min kristne, afrikanske venn hadde havnet i fengsel og utfra dette ordet sier han i samtalen: "Gjennom mitt fengselsopphold har jeg i alle fall lært at det er viktig å besøke dem som er i fengsel. Jeg har nok gitt mat, drikke, tatt imot fremmede, kledd nakne, sett til syke, men jeg har aldri besøkt noen i fengselet og det ser jeg nå at jeg må gjøre."

Har ordet i Matteus 25 noe å si oss på Varhaug i dag? Å sende penger til "de fattige", "hedningene" er veldig riktig, det taler Bibelen om. Kan det tenkes at vi ikke er så flinke til å ta det nevnte ordet på alvor overfor de som bor rundt oss?

## Den barmhjertige innvandreren

I Lukas 10 står det om en samaritan som var barmhjertig mot en nødlidende som kom i hans vei. Jesus underviser i denne historien på en genial måte. For istedenfor å tale om at en from jøde hjalp en hedensk samaritan, så sier han at det var samaritanen, den fremmede fra et annet



land, som hjalp den innfødte jøden som var i nød.

Jeg skulle hente min kristne venn fra Asia på en togstasjon. Han kom til bilen min, men sa med en gang: "En person hadde falt på perrongen og lå der hjelpløs, vi må gå og hjelpe!" Jeg var enig og ble med opp for å hjelpe den berusede personen. Ingen andre nordmenn så ut til å ha hjulpet til, men den "fremmede" fra et annet land hadde altså noe å bidra med!

Tankevekkende synes jeg. Kan det tenkes at vi trenger noen gode verdier fra de "fremmede" iblant oss?

## Gjestfrihet

Vi bodde ca 10 år i Etiopia. Gjestfrihet er en viktig del av livet for Etiopierne. Ved høytider som jul og påske og nyttår var det ikke så få som inviterte oss misjonærer ("fremmede") hjem til seg til god drøs og god mat.

Igjen tenker jeg at vi har noe å lære, for hva gjør vi nordmenn mot innvandrerne (=de "fremmede")? Inkluderer vi dem i våre hjem og ved våre høytider og i våre forsamlinger?

Hebr 13,2 sier: "Glem ikke å være gjestfrie, for på den måten har noen hatt engler som gjester, uten å vite det." Her har nok jeg glemt noe viktig, har du også?

## Innvandrere på Varhaug

Det bor ganske mange innvandrere på Varhaug og i Hå etter hvert. Flyktingemottaket på Nærland huser mange, men du har trolig

også noen som bor i samme gate som du. Alle disse ønsker veldig å bli kjent med nordmenn. De går kanskje på norsk-kurs, men så har ingen nordmenn tid til å snakke med dem? Da er det jo ikke lett å lære seg norsk akkurat. Eller barna deres trenger kanskje hjelp til lekser?

På Nærø har de startet noe som heter Global Cafe, der det kommer en del innvandrere, de fleste fra Hå flyktningemottak, og noen nordmenn. Der er du hjertelig velkommen innom, det er fredager mellom kl 18 og 20, det er snakking på norsk, spill og kaffe. Stedet er i kjelleren i lokalene til Frivillighetssentralen på Nærø.

Men hvordan skal jeg gå fram...?

Det er nok slik at vi føler oss hjelpeøse i møte med fremmede, de fleste av oss. Men la oss ikke legge listen så høyt at vi ikke våger å gjøre noe.

Start med å smile til innvandreren neste gang du ser han på veien eller i butikken.

Kanskje utvikler det seg til et "hei" neste gang du ser han.

Og neste gang igjen til en liten drøs eller til og med en kaffekopp hjemme hos deg? Eller mye mer sannsynlig er det gjerne at det er han som inviterer deg til en kaffekopp hjemme hos seg. Jatakk, kan du si da, og se hva som skjer... Så er du med å dele Guds kjærlighet i holdning og handling. Og kanskje også i ord?

## *Har du sjekka ut Bibel-appen til YouVersion?*



Det er kanskje litt spesielt å skriva om ein app og ei internettseite ([www.bible.com](http://www.bible.com)) i eit lokalt blad? Men så er jo Varhaug litt spesielt òg. 2 av dei 5 frivillige som for tid overset brukartekstane frå engelsk til norsk, bur nemleg på Varhaug. Toralf Liene har vore med lengst, men Terje Bøe vart òg med som frivillig for ein del år sidan. Terje har vore ansvarleg for det norske innhaldet eit par år, og har no også ansvar for å følge opp oversettere frå 4 andre land (finsk, russisk, polsk og ungarsk).

Grunnen til engasjementet deira er enkelt nok; Bibel-appen er veldig bra, den er gratis og har mange flotte funksjonar. I tillegg har ein altså Bibelen tilgjengeleg når ein har med seg ein smarttelefon eller nettbrett, eller når ein sit foran PC'en. I appen er Bibelen tilgjengeleg med over 1200 versjonar på over 900 språk. For dei fleste her held det lenge med dei 5 (snart 6) bibelversjonane som er på norsk. Faktisk var norsk det første språket utenom engelsk som var tilgjengelig i appen. I tillegg til sjølve Bibelen er her veldig mange fine leseplanar som du kan «abonnere» på og lese; både på engelsk og norsk.

Det er Life.Church i USA som har utvikla appen. Dei ville ha

ein gratis Bibel tilgjengelig frå dag 1 i AppStore, og det fekk dei til. No er appen lasta ned over 215 millionar gonger, og vert brukt som aldri før. I januar fullførte brukarane av appen over 2,3 millionar leseplanar. Den relativt nye sosialt funksjonen i appen kor du kan invitere venner og følge deira aktivitet har òg vorte populær. 740 000 venneinvitasjonar vart aksepterte i januar i år. Men for dei som vil være meir privat, kan ein laste ned appen, eventuelt opprette ein gratis brukarkonto, og lese kor tid og kvar ein måtte ynskje.


Og når du finn eit gullkorn som du vil hugse og kanskje dele med andre, kan du lage eit bibelbilete av verset. Sjå eit eksempel her:

Sjekk ut denne appen som gjev deg enkelt tilgang til Bibelen, full av visdomsord som varer. Du kan oppsøke [free.bible](http://free.bible) eller [www.bible.com](http://www.bible.com) for å kome i gang.

Det er òg ein "Bible for Kids"-app som me håpar å få på norsk snart. Den inneholder mange interaktive historiar for born, men foreløpig må nok dei minste ha hjelp av ein voksen for å oversette til norsk. Denne appen er også gratis og tilgjengeleg der du lastar ned dine app'ar.

## R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT  
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



Brit Jane Varhaug  
Einervegen 3  
Tlf.: 51430757

## BYGGMESTER O d d m u n d **VAGLE**

Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug



## BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m.



## HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91

## HUS • TILBYGG • REPARASJONER

*Be om pristilbud på arbeid og materialer*

### Lobekk Bygg A/S

## Svein Lobekk

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87

## Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85

Mobil 970 55 500



Leverandør av trelast  
og bygningsartikler



Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærø  
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

# NYE STYRER



**Det Norske  
Misjonsselskap**



NMS, fv: Kjartan Sollesnes, Kristin Flesjå Skrettingland, Njål Omland, Torunn Rogn Lerbekk, Tommy Skretting og Anne Håland.



**normisjon**



NOR, fv: Per Arvid Jakobsen, Oddmund Nord-Varhaug, Solvor Rasmussen og Kjellaug Aanestad Varhaug.

Dagdrid Bekkeheien Skrettingland  
(var ikke tilstades då biletet vart teke)



**NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND**



Nlm Fv. Anne Margrete Fauskanger,  
Tormod Nord-Varhaug, Harald Dyreøy,  
Bjørg Vistvik Stokkeland, Stig Hobberstad.  
Kjetil Halvorsen var sjuk



**Indremisjonsforbundet**

Med Guds ord til folket



IME, fv: Tom Magne Ueland, Jarand Scheie,  
Grethe Håland og Toralf Liene.



## HVA ER NMS

NMS - Det Norske Misjonsselskap er Norges første misjonsorganisasjon og ble etablert i 1842 i Stavanger. Vi består av foreninger, grupper og enkeltpersoner og er en selvstendig organisasjon innenfor Den norske kirke.

Gjennom NMS berører du enkeltmennesker i deres livssituasjon og bidrar til å gi mennesker verdig liv og varig håp!

## HER ER VI

I Afrika, Asia, Sør-Amerika og Europa har NMS inngått avtaler med organisasjoner og kirker om ulike typer støtte. Slik sørger vi for at NMS-engasjementet har lokal forankring. Vi har ca. 70 misjonærer og ettåringer plassert i de ulike landene.

## PROSJEKTER

Vår innsats formidles gjennom prosjekter. Ut fra innholdet er prosjektene fordelt på tre grupper (også kalt program), Budskap, Bistand og Bygging.

- **BUDSKAP-prosjektene** omfatter evangelisering og menighetsbyggende arbeid. Målet er å sette lokale menigheter i stand til å være selvstendige og til selv å bringe Bibelens budskap videre.
- **BISTAND-prosjektene** er humanitær bistand som skal gi mennesker en bedre praktisk hverdag. I akutte situasjoner gir vi nødhjelp, men ellers skal prosjektene bidra til varig forbedring av levevilkårene.
- **BYGGING-prosjektene** har fokus på menneskerettigheter spesielt med tanke på kvinnens situasjon, og å bidra til å bygge opp selvstendige og livskraftige kirker og organisasjoner.

## MER ENN TURISME

**Vil du ut i verden?**

**Har du et ønske om å møte en ny kultur?**

**Lære mer om misjon?**


**Få nye opplevelser?**

**Da bør du melde deg på Uteam med NMS U.**

NMS U sender team til NMS sine misjonsprosjekt i Sør-Amerika, Afrika, Asia og Europa.

Vi ønsker å sende ut team av ungdommer som ikke bare reiser på misjonsturisme, men er med og bidrar med noe. Det kan være alt fra å hjelpe til med praktiske ting på leir, til å ha undervisning i engelsk på et ungdomssenter.

Gjennom møter med mennesker fra andre deler av verden får man nye erfaringer, ikke bare av ytre betydning, men også indre. Vi vil legge til rette for at unge i Norge skal få slike erfaringer, og gjennom det få en større forståelse av verdens globale utfordringer og en dypere misjonsforståelse.



**Bli med på tur?**

<http://www.nmsu.no/uteam/>

epost: krm@nms.no.



## PROSJEKTGLIMT 2015:

Tusenvis av mennesker opplevde å få en forbedret hverdag i løpet av 2015, takken går til deg som har bidratt til det! Historiene og glimtene fra de ulike prosjektene har vi samlet her - les og la deg inspirere til fortsatt eller ny innsats!

<http://www.nms.no/prosjekt>

<http://www.nms.no/prosjektglimt/>

ØRSTAD	MALAWI	MAURITANIA	PAKISTAN
<b>BUSKNAF-prosjekter</b> Kirkebygning og utvikling	<b>BUSKNAF-prosjekter</b> Kirkebygning og utvikling	<b>BUSKNAF-prosjekter</b> Kirkebygning og utvikling	<b>BUSKNAF-prosjekter</b> Kirkebygning og utvikling
<b>Etiopia</b> Kirkebygning Gi-mengelget videre i begi ta-mengelget videre i Øst-Afrika			
<b>ØSTAFRIKA</b> Kirkebygning Gi-mengelget videre i begi ta-mengelget videre i Øst-Afrika			
<b>JAPAN</b> Kirkebygning Gi-mengelget videre i begi ta-mengelget videre i Øst-Afrika			
<b>FRANKRIKE</b> Menighetsplanting i Frankrike	<b>FRANKRIKE</b> Menighetsplanting i Frankrike	<b>FRANKRIKE</b> Menighetsplanting i Frankrike	<b>FRANKRIKE</b> Menighetsplanting i Frankrike
<b>INDIA</b> Kirkebygning Gi-mengelget videre i begi ta-mengelget videre i Øst-Afrika			
<b>THAILAND</b> Kirkebygning Gi-mengelget videre i begi ta-mengelget videre i Øst-Afrika			

## ET PAR UTVALGTE PROSJEKT:

### PROSJEKT: GI EVANGELIET VIDERE I BEGI ETIOPIA



Workenesh Negasa ønsker å bruke tradisjonelle mao-melodier og -musikkstil i kirka.

Foto: Mparany Rakotondrainy

#### FAKTA:

Gaver til dette arbeidet bidrar til å utruste de kristne blant mao- og komofolket ved å bygge kirker og prekensteder, arrangerer kurs for pastorer, evangelister og ansatte i kvinnearbeidet. Prosjektet utvikler også materiell på lokale språk og gir stipend til skole og høgskoleutdanning.

#### Troen gjorde henne sterk

Familien har opplevd hvordan troen har forandret Workenesh og måten hun opptrer på. Hun er nå blitt en leder som tør å stå foran mange mennesker og undervise og be.

<http://www.nms.no/aktuelt-fra-prosjektet/troen-forandret-henne-article12682-2227.html>

### PROSJEKT: MENIGHETSPLANTING I FRANKRIKE



Jean-Christophe sammen med familien.

Foto: privat

#### FAKTA:

I januar 2014 startet de et nytt menighetsplantingsprosjekt i Créteil, en forstad sørøst for Paris.


#### Har funnet energikilden

Bønnesamlingen og bibelstudiene i Créteil har fornyet troen min og gitt meg lyst til å grave enda dypere i Guds ord. Det er blitt en daglig energikilde for meg. Jeg har ikke lest så mye eller bedt så mye siden jeg var konfirmant, sier Jean-Christophe.

<http://www.nms.no/aktuelt-fra-prosjektet/har-funnet-energikilden-article12690-2259.html>

# FOR BARN

## Kryssord



Vassrett

Loddrett

- |                                 |  |
|---------------------------------|--|
| 1. By i Israel                  | 1. Frelsaren                             |
| 8. Dyr i skogen                 | 2. Lever på Grønland                     |
| 9. Ingenting                    | 3. Dit kom Paulus                        |
| 11. Peter                       | 4. Bråk                                  |
| 13. Mange som syng i lag        | 5. Ho såg Jesusbarnet                    |
| 15. Syster til Marta og Lasarus | 6. Skreiv eit av evangelia               |
| 16. Ikkje på                    | 7. 1/1000 liter                          |
| 17. Brussort                    | 10. Seier ja                             |
| 20. Tal                         | 12. Tal                                  |
| 22. Stort rom                   | 14. Trilla                               |
| 23. Sliten                      | 18. Hus på gardane                       |
| 25. Mannsnamn                   | 19. Mannsnamn                            |
| 27. Sitja på hest               | 21. Bilete av helgenar                   |
| 28. Land i Afrika               | 23. Me kan ___ på det som står i Bibelen |
| 30. Svært kalde                 | 24. Hol i klede ÷ T                      |
| 31. Bruka nåla                  | 26. Dyr                                  |
|                                 | 29. Godt i varmen                        |

## Dyr i Noa si ark

Noa hadde med eit par av alle dyra på jorda då han gjekk inn i arka som Gud hadde sagt han skulle byggja.



Kva for eit av dyra under høyrer vi ikkje om i Bibelen?

Fargelegg dei dyra som var med i arka.



# BACK TO BASIC 2016



Lurer du på hvorfor parkeringsplassen var full, eller hvorfor veggene på misjonshuset ristet første helgen i april? Sammen med OBS (Ogna, Brusand, Sirevåg) og Nærø, arrangerte ungdomslaget på Varhaug en festhelg uten like. En møtehelg med program fra morgen til kveld. Sammen ønsket vi å ha en helg på tvers av bygdene der det er mulighet for å bygge gode relasjoner og et godt fellesskap, ha det gøy sammen, og viktigst av alt – peke på Jesus.

Det var godt oppmøte hele helgen, og på lørdagskvelden var det hele 170 ungdommer på møtet. Drømmen er at flere skal få møte Jesus. Vi tror at store ting kan skje, og at flere kan få øynene opp for hvem Han er i løpet av en helg som denne. Vi får ha fokus på Jesus gjennom lovsang og tale, men også gjennom aktiviteter og det sosiale etterpå.

Odd Inge Elemy var med som taler, og Stagedive Live fra Kristiansand ledet lovsangen. I tillegg til møter hadde vi seminar, leker, lovsangsfest, nattkino og gratis pizza.

Det skal legges noen kabaler, og det krever at folk stiller opp og hjelper til. Heldigvis er ikke ungdommene vanskelige å be. Det er kult å se at folk stiller opp og tar i et tak når de ser at det trengs. Hele misjonshuset var ryddet og vasket på en time søndagskveld, det forteller oss noe om dugnadsinnsatsen. En stor takk til alle som var med og gjorde helgen til den festen den var, vi gleder oss allerede til Back to Basic 2017!

*Hilsen Birte Skretting*

## Tid for rehabilitering?

I over 15 år har vi drevet med rehabilitering og nybygg. Ta kontakt og be om pristilbud.

Tlf. 51438006  
E-post. [post@bm-sl.no](mailto:post@bm-sl.no)

**NORGESHUS**  
Skrettingland & Lobekk as



Arvid Natland

# Israelsmisjonen på Varhaug

Av Sjur Håland

**På Varhaug er Den Norske Israelsmisjon langt frå liten og marginal. I alle fall ikkje for Arvid Natland og ein raus handfull andre entusiastar.**

Arvid har vore i fyr og flamme for å formidla den kristne bodskapen til Israel mest så lenge han kan minnast. Det byrjar å bli nokre år etter kvart. Arvid er fødd i 1941, og i månadane då Israel sin lagnad vart debattert i FN og over heile verda i 1948, sat gutungen ved radioapparatet på divanen heime i Erfjord og lytta til nyheitssendingane. Det var krise i Midtausten, medan FN freista å megla mellom partane. Det heile enda med at staten Israel vart proklamert.

*- Eg hugsar at eg tenkte på jødane sin dramatiske lagnad og spurte meg sjølv kvifor alle ville jødane til livs.*

Arvid er lun, med masse humor, glimt i augo og eit lurt smil. Det kan kanskje av og til vera vanskeleg å alltid skilja mellom alvor og spøk for ein som møter Arvid for første gongen. Det er langt enklare for dei som for eksempel har møtt han på landbrukskontoret med skjema, søknadar og grøfteplanar opp gjennom åra. Bøndene vart godt kjent med Arvid og vice versa. Her, på kommunehuset, hadde han

sin faste arbeidsdag fram til 2003. Den gode kjennskapen til bøndene skulle seinare bidra til klingande mynt for Israelsmisjonen.

## Israelskontakte

Vi jumpar inn i Israelsmisjonen si historie på Varhaug ein gong på 1980-talet. Då som no var linken mellom Varhaug og Den Norske Israelsmisjonen basert på kontaktpersonar i misjonshusmiljøet.

*- Først var det Tolleiv Nord-Varhaug. Etter han tok Svein Grødeland over den rolla, fortel Arvid.*

Helsa til Arvid er ikkje på topp for tida. Ei veke etter ein ryggoperasjon tar jegeren og naturelskaren seg fram med hjelp av ei krykke. Siste åra har vore prega av smerter i føtene og nedre del av ryggen. Arvid Natland er ikkje typen som gir opp av den grunnen. I stova står fleire treningsapparat. Han klorar seg fast, klatrar i trea i hagen for å bygga hytte til barnebarna (og til han sjølv). Og han reiser til fjells for å saumfare moltemyrar og kreklinglyng, gjerne på alle fire, om føtene skrantar og ryggen verker.

*- No går det betre, seier han. - Operasjonen har vore vellukka.*

## Bøsse til bønder

I 1990 tok Arvid over rolla som kontaktperson for Israelsmisjonen på Varhaug. Omtrent samstundes starta kona, Sigrund, opp med basar, med god støtte frå blant fleire andre

Brit Jorunn Ånestad Varhaug. Året etter vart kvinneforeininga Shalom starta.

Misjon handlar om evangeliseringsarbeid. Til det krevjast pengar. Gjennom åra var det slik at Sigrund banka på dører i stasjonen medan Arvid gjekk rundt på gardane og selde lodd til krinsutlodninga.

*- Eg kjende jo folka på gardane, dei aller fleste ville kjøpa lodd. Nokre ville prata i tillegg, fortel Arvid.*

Og, Arvid har aldri sagt nei til ein prat, dermed måtte jo ein runde med loddbøker på gardane i Varhaug ta tid.

*- Eg brukte åtte veker til å koma rundt, minnest Arvid.*

Saman med pengane Sigrund fekk inn i stasjonen, kunne dei kvart år senda inn betydelige beløp. Eitt år var sluttsummen 46.000 basarkroner til kretsen. Lodd til den lokale basaren vart selde på Handelslaget.

*- Første året selde me for 7000 kroner på to dagar, det var mykje pengar då, fortel Arvid, som understrekar at han ikkje hadde greidd jobben utan Sigrund. – Hadde ikkje ho vore med og drege i bakkane, hadde eg ikkje klart det.*

## Selde sprukne mjølkespann

Eit dødsbu på Høg-Jæren vart ein gong på 90-talet delt mellom tre misjonsorganisasjonar. Arvid styrte dødsbuet saman med Steinar Skretting og Ove Braut. Dei tre vart fort samde om at her var det svært lite av verdi. Konklusjonen vart at det meste var overmøge for fyllinga. Men så tok det heilt av. At auksjonarius var Asbjørn Dyngeland, bidrog rette vegen. Gamle Globoid-øskjer og sprukne mjølkespann gjekk under hammaren til den hardtslåande auksjonariusen. I ein Kip-stamp låg nokre deler frå ein vevstol. Dyngeland veiva friskt med hammaren og selde både delane og den skitne stampen til ein pris som fekk folk til å måpa. Lite vart liggande att. Ein morrdryssande hyllereol gjekk for 1200 kroner. Sluttsummen etter auksjonen enda på 48.000 kroner, inkludert ein gammal traktor som til liks med det andre hadde sett betre dagar.

## Årlig pinsefest

Ting endrar seg. Den Norske Israelsmisjonen er framleis oppe og går. Det same gjeld for dei trugne Israels-venene på Varhaug. Møteveka er erstatta med to årlege samlinger, vår og haust, i tillegg til festen andre pinsedag.

*- I år blir det ingen pinsefest på grunn av 17. mai, men me satsar på å ta opp att tradisjonen neste år, seier Arvid.*

Ei gruppe på 10-12 personar, med Borgny og Per Åge Skretting i spissen, dreg nå lasset og har ei Israelsmisjonsforrenning . Me går ikkje lenger rundt på dørene, men sit utføre Coop Extra og Spar og sel lodd til krinsutlodninga og den lokale basaren. Så må du få med at me gjerne vil bli fleire. Folk som er interesserte og engasjerte i Israel og misjon, er hjertelig velkomne.

## Returnerer evangeliet

Men er ikkje Israel kristendommen si vugge. Kvifor misjon i israel?

*- Det handlar om å returnera evangeliet til Israel. Eg tenkjer at det er ei klar forplikting me som kristne har at også jødane blir gjort kjent med den kristne bodskapen. I dag reknar ein at berre 0,3% av alle israelarar er nådd med evangeliet.*

## Soknerådsarbeid i Tel-Aviv

Sigrund og Arvid har i periodar vore volontørar i Immanuelkyrkja i Tel-Aviv sidan 2004. Siste perioden var i 2014. No har dei planar om tre veker til sommaren.

*- Det handlar om reparasjonar, maling og vasking. Så syter me for at det er friske blomar både i og utanfor kyrkja.*

Kyrkjekaffien er av det eksklusive slaget. På kyrkjebakken i Tel-Aviv får Sigrund og Arvid Natland høve til å servera kyrkjegjengjarar frå heile verda. Japanarar, afrikanarar og tyskarar. Ofte er det ambassadefolk som kjem til gudsteneste.

*- Det er gildt. Me kjem i prat, det går greitt, sjølv om eg ikkje lærte engelsk på skulen.*

## Svar frå Vår Herre

Arvid Natland fall i sjøen då han var gutunge og vart liggande under ein lekter og under vatn i nær ti minutt før ein av mennene som kom til fekk hekta fast ei båtshake i bukselommen og trekt han opp på land.

*- Eg har mange gonger opp gjennom åra spurt Vår Herre om kva Han ville med meg. No meiner eg å ha fått svaret. Han ville eg skulle verta kontaktperson for Den Norske Israelsmisjon på Varhaug.*



# Evangeliet

## tilbake til jødene



Per Åge Skretting

### **Den Norske Israelsmisjon er den nest eldste misjonsorganisasjon i Norge. Det første navnet var Forening af Israles venner, og stifta fann stad i Stavanger 104 år før staten Israel vart oppretta, i 1844.**

Den norske Israelsmisjon har det jødiske folk som målgruppe. Val av navn seier noko om misjonshistoria i forhold til det jødiske folk. Då organisasjonen vart starta var det umulig å bruke ordet «jødemisjon». «Jødemisjon» var belasta gjennom fleire århundre med forfylgjing, pogromar, tvangsdåp og tvangskonverteringer der jødane ikkje lenger fikk lov til å være jødar – ja til og med det å feira sabbaten eller påskemåltidet som Jesus sjølv tok del i kvart år gjennom livet sitt, var forbode. Dei som i 1844 ville nå dette folket med evangeliet valgte derfor navnet «Israels venner»; «Israel» er Guds kjærligetsnavn på det jødiske folk, sa dei, og ville på denne måten formidla kjærighet og respekt også gjennom organisasjonen sitt navn.

Logoen med korset i sentrum og armane i menorahen går i to retningar og dette er med og illustrerar formalet og dei viktigaste programområda. Evangeliet om Jesus Messias er det bærande og sentrale i alt arbeid i Den Norske Israelsmisjon. Menorahen sine seks armar samsvarer med dei seks satsningsområdene:

1. Forkynning og undervisning
2. Haldningsskapande arbeid
3. Tenesteutvikling
4. Evangelisering og menighetsbyggjing
5. Diakoni og hjelpearbeid
6. Freds- og forsoningsarbeid

### **Eit overgrep mot jødane**

Svært mange jødar vil meina at å driva misjon blant jødar i dag er eit overgrep mot jødane. Kyrkjehistoria, slik dei kjenner den, gjer at det for mange er utenkjeleg å kunna være jøde og tru på Jesus, sjølv om det er akseptert at ein kan være for eksempel buddhist, new age-tilhengar, bahai eller ateist.

### **Organisering**

Misjonsorganisasjonen er organisert gjennom eit hovudkontor med tretten tilhøyrande krinsar. Medlemstalet ligg kring 2000 fordelt på 200 foreiningar. Den Norske Isralesmisjon har eit årleg budsjett på om lag 20 millionar kroner. Pengane blir mellom anna bruk til evangeliseringsarbeid og spreiling av biblar. Blant arbeidet i Israel er Beit Elijah kyrkja i Haifa og Ebenezerheimen der, som er Israel sitt einaste alders- og sjukeheim for messianske jødar og arabiske kristne. Israelsmisjonen driv også Immanuelkyrkja og menighetshuset i Tel-Aviv. Gjennom bla. prosjektet Jews for Jesus er den Norske Israelsmisjon engasjert i evangeliseringsarbeid i fleire land, særleg i Russland, Ukraina og Romania.

### **Forsongingsarbeid**

BridgeBuilders er eit freds- og forsoningsprosjekt for unge israelarar, palestinrarar og nordmenn.

Motivasjonen for prosjektet er å bidra til å etablere ein fredskultur. BridgeBuilders er eit møtepunkt på tvers av kulturgrenser, der rammer og opplegg stimulerer til sunn refleksjon og samtale om identitet, fordommer og konfliktløysning. Målsettinga er å skapa grunnlag for gjensidig forsoning mellom deltakarane frå Midtausten med deltaking av norske ungdomar. Ein av ungdomane frå Varhaug var med på dette for to år sidan, Andreas Tysse.

## Du finner oss på nettet:

23

The screenshot shows a web browser displaying the Varhaug Misjonshus website. The page title is "Varhaug Misjonshus". At the top, there is a navigation bar with links: Hjem, Kontakt oss, Møteplan, Sondag, Kor, Ungdom, Barn, Misjonsorganisasjoner, Foreninger og lag, and Om Misjonshuset. Below the navigation bar, there is a large image of the church building. On the left side, there is a contact form for booking the church building. The form includes fields for "Bestillingsdato", "Må", "Navn", and "Kontakt Webredaksjonen". On the right side, there is a section titled "Kva skjer:" with a list of events: "Årsmøte Varhaug Misjonslag NLM" (23.02.2015 kl. 19:00 - 22:00), "Humlebølet" (24.02.2015 kl. 10:00 - 12:00), and "Bilbeltinger" (varierende dateringer fra mars til mai).

[www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no)

The advertisement features a red ruler graphic at the top. Below it, there are three green squares arranged in a 2x2 grid (top-left, top-right, bottom-left). To the right of these squares is the company name "SI.BYGG" in large, bold, black letters, with a horizontal green line underneath. Below "SI.BYGG" is the website address "www.sibygg.no". To the left of the green squares is the "MESTERHUS" logo, which consists of a circular emblem with a gear and the word "MESTERHUS" below it. To the right of the green squares is the slogan "- det blir som avtalt".

The advertisement is divided into two main sections. The left section features a "KULLSYREMASKIN FRA AGA" with a price of "499,-". It includes an image of the machine and a small bowl of fruit. Below the price are the costs for a "ny patron" (269,-) and "bytte av patron" (149,-). The right section has a red background and contains the text "VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:" in large, bold, red and blue letters. To the right of this text is a vertical list of services: EU kontroll •, Hjulstilling •, Service •, Tilhengerservice •, Salg av dekk •, and Dekkhotell •.

**KULLSYREMASKIN**  
FRA AGA

499,-

ny patron  
269,-  
bytte av patron  
149,-

**VI HAR  
GODKJENT  
BILVERKSTED:**

EU kontroll •  
Hjulstilling •  
Service •  
Tilhengerservice •  
Salg av dekk •  
Dekkhotell •

**Varhaug Servicenter A/S**  
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

**Esso**

# *Jesuskultur på ungdomslaget!*

**I høst var ungdomslagsstyret på styretur. Der hadde vi blant annet et opplegg hvor vi skulle bruke tid på å lytte til hva Gud hadde å fortelle oss.**

Etterpå snakket vi sammen om dette, og da kom ordet kultur frem. Hva er egentlig kulturen på ungdomslaget? Hva slags kultur ønsker vi å ha? Hva har vi lyst at ungdommen skal sitte igjen med etter sin tid på ungdomslaget?

Vi i styret fant fort ut at vi har lyst å skape kultur, vi vil skape Jesuskultur! Så kom spørsmålet, hvordan ser Jesuskultur ut på Varhaug i 2016? Vi har selvfølgelig lyst å skape en kultur der alle er velkomne uansett hvilken bakgrunn du kommer fra. En kultur for å føle deg fri lovsangen til både sitte, stå eller danse om en ønsker. En kultur der det er naturlig å gi penger til dem som trenger det mer enn oss.

For å hjelpe oss på vei mot å starte en Jesuskultur, satte vi opp flere mål for ungdomslaget. Her kommer ett par av dem:

## **Samle inn penger til misjon:**

Et av målene vi har i år er å samle inn penger til misjonen, folk som trenger pengene mer enn oss. I år satser vi på faste givere. Vi tror at det er lurt å gi fast til noe, da får man en tilhørighet til det man gir til. I år har ungdomslaget to misjonsprosjekt, KPK- Ukraina og jordbrukskolen på Madagaskar.

## **Ukraina**

I Ukraina samler vi inn penger til å bygge nye hus til folk som ikke har hus. I Ukraina er det mange sigøyner landsbyer som trenger hus.



## **Madagaskar**

Her er vi med å støtter jordbrukskolen i Tombontsoa. Vi har et prosjekt om å samle inn penger til vannrør. I November var Bjarne, Sven og Sondre med Ole Moi ned på en dugnad på vannrørene.

## **Utruste ungdommen til tjeneste:**

Det står i Luk. 10:2:

“ Da sa han til disiplene sine: Høsten er stor, men arbeiderne få. Be derfor høstens herre sende ut arbeidere for å høste inn grøden hans.”

Vi i ungdomslaget har også et mål om å utruste ungdommen til tjeneste, å skille mellom ungdomslag og Jesus. Ungdomslaget er en plass hvor vi kan gå over en periode, men hva då når den tiden er over? Vi ønsker at vi da har blitt så kjente med Jesus at vi kan vandre med han daglig.

For å få med oss ungdommen i tjeneste ønsker vi å starte med små oppgaver som de synes er kjekt og som de kan gjøre sammen med venner eller ledere. Vi vil utruste arbeidere til høsten, slik at enda flere kan få bli kjekt med Jesus å ha Jesus kultur livet sitt!



## Håp gjennom musikk

Tidligare i år arrangerte NLM Varhaug konsert i samarbeid med Noreia Mediemosjon, der fokuset var kvinnearbeidet Prosjekt Hanna. Anne Birgitte Bøe fra Varhaug har engasjert seg sterkt i dette arbeidet som ynskjer å reise opp kvinner fra fattigdom, håpløsheit og evig mørke.

*– Eg har kjent til Prosjekt Hanna i fleire år, men for eit par år sidan vart eg spurt om å hjelpe til med å oversette og tilpasse den internasjonale bønnekalenderen til norsk. Gjennom dette arbeidet såg eg kor stor kraft det er i bøn, og at radio kan nå utrulin langt for å gje Guds ord, oppmuntring og kunnskap til kvinner. Eg fekk lyst til å engasjere meg meir i dette arbeidet, fordi det er så meiningsfullt å bruke tid og pengar på dette, fortel Bøe.*

*– Mi syster Elisabeth er koordinator for Prosjekt Hanna i Noreg. Ho lufta tanken for meg om å arrangere konsertar med fokus på det, og eg kjende at dette var noko eg hadde lyst til å bruke tida mi på. Eg syntes det var fint å kunne fortelle om arbeidet i form av vitnesbyrd og historier og samtidig få gje noko også til dei som kjem på konsertane.*

Korleis opplever du å kunne bruke songen din til å sette fokus på eit viktig kvinnearbeid?

*– Det er fantastisk å få bruke songen i dette. Eg har alltid ynskt å synge om Jesus og vitne om Ham. Det har eg fått gjort, både i Misjonshuset og på bedehus på Jæren. Eg opplever at det å arrangere slike konsertar i tillegg har eit djupare perspektiv. Det vi gjer er i siste instans med på å hjelpe kvinner til å bli kjende med Jesus og få betre liva her og no.*

Så fekk du presentere Prosjekt Hanna for folket i Misjonshuset. Korleis opplevde du det?

*– Det var spennande å ha konsert heime. Det er nært når eg har så mange kjende i salen, og det var viktig for meg å kunne dele dette arbeidet med folket i bygda. Vi fekk mykje positiv tilbakemelding på at dette traff publikum, og at det var kjekt. Vi kjem nok tilbake med konsert i området, så då må dei som ikkje fekk det med seg, nytte sjansen.*

Og no vert det plate?

*– Ja, det er veldig kjekt. Saman med Glenn Vorhaug på saksofon og Bjarte Mo på fiolin skal Elisabeth og eg gje ut plate med eigne songar. Inntektene av platesalget går heilt og fullt til Noreas kvinnearbeid. Eg er takknemlig for å vere ein del av denne tenesta. Inspirasjonen min er historiene som vi får dele om kvinner som har fått nytt liv gjennom arbeidet vi er med på her i Noreg, avsluttar Anne Birgitte Bøe engasjert.*

### Fakta:

Noreia er ein mediemosjonsorganisasjon som bruker radio, tv og internett til å forkynne evangeliet til mennesker, særleg i områder som er stengde for tradisjonell misjon.

Prosjekt Hanna er Noreas kvinnearbeid, og er ein del av ein verdsomspennande bevegelse. Ein bønnekalender med bøneemner for kvar dag i måneden blir oversatt og distribuert til forbedarar i 125 land. Noreia oversetter og distribuerer denne bønnekalenderen til norske forbedarar.

Eit halvtimes radioprogram, Håpets kvinner, sendes på 69 språk, og gir viktig kunnskap både om helse, hygiene, ernæring og rettigheter. Ikkje minst vert det undervist i kristen tru og bibelske sanningar.

Noreia har engasjert seg i Prosjekt Hanna i åtte land: Kambodsja, Usbekistan, Turkmenistan, Albania, Somalia, Kenya, Tanzania og Etiopia.

# Faste arrangement

Arrangement	Dag	Tidspunkt	Rom	Kontakt	Tlf
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (skuletid)	0900-1300	Matsal	Gerd Ingunn Mattingsdal	95978084
Homlebølet	tirsdager	1000-1200	Matsal	Helene Auestad	51430060
Speider	onsdager	1900-2100	speiderloft og-kjeller	Øystein Varhaug	97090811
Rover (eldre speidere)	mandag	1900-2100	speiderkjeller	Lars Kristian Haaland	95145516
Åpent hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Per-Kristian Skretting	46891870
Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Gudrun Ånestad	51431279
Eldretreff	1. og 3. Onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51431002
NMS mannsforening	tirsdag, partallsuke	1900-2100	kjellerrom og snekkerbu	Ole Moi	51432550
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Margreta Bøe	51430366
FRES, ten-oppleg	fredag, annenhver	1900-1930	ungd.sal, matsal, kjøkken	Guri Sollesnes	51431268
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Terje Vik	91746992
SUNDAG	søndager, oddetallsuke	1930	møtesal		
Søndag formiddagsmøte	søndager, partallsuke	1030-1115	ungdomssal	formennene	
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	Linda Skr.land Rosnes	51438675
yngreskor	Mandager	1815-1915	møtesal	Anne Margrete Fauskanger	95935486
ungdomskor /band	tirsdager	1900-2130	Møtesal	Gerd Håland	99254852
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51430120
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51431057
Lovsanggruppe	Torsdag (hele året)	1900-2100	møtesal eller ungd.sal	Gerd Håland	99254852
SUNDAG lovsangsgruppeøving	Mandag (hele året)	1915-2100	møtesal	Bente Aanestad Scheie	41676727

# Prislister

27

	Kristelege arrangement Eigar-org.		Anna bruk	
Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på misjonshuset	(NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2.etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

## Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved kokking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

## Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal                    kr. 4500 \*)  
 " " : bruk av anr.kjøkken og møtesal                                kr. 3000 \*)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

\*): Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på sundag	1000	1300
Møteveke med fest på sundag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset    kr. 2500 (Ungdomslaget)

ANNA BRUK AV HUSET    Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2016-2017

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer</u>	<u>og dato</u>	.
<b>Gunhild Lobekk 958 61 391</b> <i>(Asbjørn Fauskanger 94157641)</i>	<b>11 19 27 35 43 51 7 15</b> 14/3 9/5 4/7 29/8 24/10 19/12 13/2 10/4		
<b>Håkon Varhaug 901 13 828</b> <i>(Sindre Varhaug 92868772)</i>	<b>12 20 28 36 44 52 8 16</b> 21/3 16/5 11/7 5/9 31/10 26/12 20/2 17/4		
<b>Per-Arvid Jakobsen 51430082/926 17 652</b> <i>(Christian Grove 93863017)</i>	<b>13 21 29 37 45 1 9 17</b> 28/3 23/5 18/7 12/9 7/11 2/1 27/2 24/4		
<b>Johannes Nygård 94845836</b> <i>(Martin Dyngeland 97055506)</i>	<b>14 22 30 38 46 2 10 18</b> 4/4 30/5 25/7 19/9 14/11 9/1 6/3 1/5		
<b>Astrid Varhaug 51430336/992 29 781</b> <i>(Stig Hobberstad 95772599)</i>	<b>15 23 31 39 47 3 11 19</b> 11/4 6/6 1/8 26/9 21/11 16/1 13/3 8/5		
<b>Terje Skretting 900 59 582</b> <i>(Leif Nord-Varhaug 91192055)</i>	<b>16 24 32 40 48 4 12 20</b> 18/4 13/6 8/8 3/10 28/11 23/1 20/3 15/5		
<b>Loyd Aanestad 51432149/915 39 216</b> <i>(Kjell Gunnar Arnesen 95486532)</i>	<b>17 25 33 41 49 5 13 21</b> 25/4 20/6 15/8 10/10 5/12 30/1 27/3 22/5		
<b>Rolf Ueland 977 20 085</b> <i>(Ståle Ånestad 94885541)</i>	<b>18 26 34 42 50 6 14 22</b> 2/5 27/6 22/8 17/10 12/12 6/2 3/4 29/5		

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,  
I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan òg nytte internettida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misjonshus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.

# Møtekalender for Varhaug Misjonshus 2016

status 28/3-2016

veke	Dato	Arrangør	arrangement	Klokkeslett (tid reservert)	rom
18	4/5	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	5/5				Kr. himmelfartsdag
	6/5	>>> ?	Pynting til Konfirmasjon	Hel dag	Matsal, kjøkken
	7/5	>>> ?	Konfirmasjon	Hel dag	Matsal, kjøkken + ungdsal
19	15/5	felles	S U N D A G	1930	Møtesal PINSEDAG
20	17/5	Felles	17.mai fest	1900	Møtesal,matsal+kjøkken
	18/5	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	18/5	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	matsal
21	29/5	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
22	1/6	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
23	12/6	Normisjon	Hagestevne (Nord-Varhaug)	1400	
	12/6	felles	S U N D A G	1930	Møtesal, matsal, kjøkken
24	15/6	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	15/6	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	matsal
25	20/6	>>>	10.klassefest	1200-2300	Møtesal+kjøkken
	26/6	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
31	7/8	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
32	10/8	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	matsal
33	17/8	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	21/8	NMS	Hagestevne på Varhaug		
	21/8	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
34	26/8	>>>	Pynting	Hel dag	Matsal, kjøkken
	27/8	>>>	diamantbryllup	0900-2000	Matsal, kjøkken, ungdomssal
35	2/9	NLM, BASAR	Misjonkvinnene	1900	Møtesal, matsal, kjøkken
	4/9	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
36	7/9	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	7-11/9	IMF	Basarveke	1930	Møtesal
	7/9	nattverdkomite	nattverdmøte	Etter møtet	møtesal
	10/9	>>>	Bryllup	Hel dag	Matsal, kjøkken, ungdomssal
37	15-16/9	Israelsmisjonen	Møter	1700-.2100	Møtesal
	18/9	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
38	21/9	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	21-24/9	NLM	Møteveke	1930	Møtesal
	25/9	NLM	bøssefest	1900	Møtesal, matsal, kjøkken
39	30/9	NMS y.kv.for	Basar	1830	Møtesal, matsal, kjøkken
	30/9	>>>	Eldresamling	1500-1800	Matsal, kjøkken
	2/10	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
40	5/10	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	5/10	nattverdkomite	Nattverdmøtet	etter møtet	møtesal
	5-9/10	IMF	Møteveke	1930	Møtesal



**Vi er der når du trenger oss**


Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798

Hjemmeside: [jts.as](http://jts.as)

# Møtekalender for Varhaug Misjonshus 2016

status 28/3-2016

41					
	12-15/10	Lekmannsmisjonen	Møteveke	1930	Møtesal
	16/10	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
42	19/10	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	19-23/10	Normisjon	Møteveke	1930	Møtesal
	21/10	Normisjon	basar	1830	Møtesal, matsal + kjøkken
43					
	28/10	felles	misjonshusbasar	1900	Møtsal, matsal, kjøkken
	30/10	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
44	2/11	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	2-5/11	NMS	Møteveke	1930	Møtesal.
	6/11	NMS	allehelgenfest	1800	Møtesal +matsal/kjøkken
45	9/11	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	møtesal
	11-12/11	Normisjon (Vigrestad)	julemesse	---	----
	13/11	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
46	16/11	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	17/11	NLM	julemessepypning	1600-2300	Møtesal, matsal, kjøkken
	18-19/11	NLM	julemesse	----	Møtesal, matsal + kjøkken
47					
	24/11	NMS	julemessepypning	1600-2300	Møtesal, matsal, kjøkken
	25-26//11	NMS	julemesse	---	Møtesal, matsal + kjøkken
	27/11	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
48	30/11-4/12	>>>	Flymisjonen møteveke	1930	Møtesal
49	5/12	NLM	Lagskveld	1800	Matsal + kjøkken
	7/12	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	7/12	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	møtesal
	11/12	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
50	18/12	felles	vi synger jula inn	1800	Møtesal + matsal
	18/12	"Vi over 60"	eldremiddag	1300	Matsal og kjøkken
51	25/12	>>>	Familiesamling	1400-2200	ungdomssal
52	26/2	>>>	familieselskap	1400-2200	ungdomssal
	26/12	UL	2.dagsfesten	1900	Møtesal, matsal+kjøkken
	27/12	søndagsskolen	juletrefest	1700	Møtesal, matsal, kjøkken
53/1	31/12	UL	nyttårsfest	?	Hele huset



**jaeren  
sparebank**



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllevei 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER  
**Elektrofag Jæren**

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

**Jærentrepreneur**

Opstadveien 643  
Postboks 54 – 4368  
VARHAUG  
Tlf.: 51798700  
post@jerentrepenor.no  
Org. nr.: 934279980  
www.jerentrepenor.no



Dublandveien 35A  
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900  
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no  
www.vph.no

**JÆRBU**

**GJØDSELPUMPE**

**Ole G**  
Nord-Varhaug & Co a.s

Hatlevien 4, 4360 Varhaug  
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



*Alt i oppmerking av parkeringsplasser*

Toppaveien 7  
4360 Varhaug  
Telefon: 51430937  
Fax: 51433364  
Mobil: 90889556



**ODLAND a/s**  
FORSKALING OG STØYPING

# VÅR NESTE

## TEMA VARHAUG MISJONSHUS 2016

**Undertema:**

**Hvem er min neste?**

**Vær et medmenneske**

**Led oss - La oss bli til hjelp**

**Rasisme**

**Kast ikke bort frimodigheten**

**Overflod - Tiende**

**Nestekjærlighet - Velsignelse**

## HVEM ER VÅR NESTE

Når den lovkyndige mannen i Lukas 10 spør Jesus om hvem som er min neste, forteller Jesus historien om den barmhjertige samaritan.

Han tok ansvar for en annen person i nød. Som kristne har vi et ansvar for å være en neste for de vi møter som trenger det. Det kan være naboer, venner, familiemedlemmer, kollegaer, flyktninger eller andre. Sigurd Lunde skriver om dette i sangen Dine løfter er mange:

*Herre, led du oss frem, la oss bli til hjelp for dem  
som du viser oss trenger en hånd!  
Gi oss lys til å se, gi oss vilje til å be:  
Herre Gud, fyll vårt liv med din Ånd!*

Finn gjerne fram hele sangen og les den.